

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Kvam herad, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
<b>Dato:</b>	14.11.2022
<b>Tid:</b>	09:00 - 11:00

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leder	SP
Michael Iversen	Nestleder	AP
Håvard Gjerde	Medlem	R
Ramune Paulauskiene	Medlem	SP
Frank Jacobsen	Medlem	FRP

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Andre som møtte****Namn      Stilling**

Anita Hesthamar	Rådmann, sak PS 32/22
Kristi Neteland	Leiar rekneskap og analyse, sak PS 32/22
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor i Deloitte, til 9.50
Annbjørge Ryssdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor i Deloitte, på teams sak PS 36/22
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve  
utvalsleiar

Roald Breistein  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 9/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.09.2022	033	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 32/22	Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 14 for 2021 frå Deloitte AS	216	
PS 33/22	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll	217	
PS 34/22	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022	216	
PS 35/22	Kurs i regi av Deloitte 2023	085	
PS 36/22	Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar - Status i arbeidet ved Deloitte	217	
PS 37/22	Gjennomgang av møteprotokollar	033	
PS 38/22	Eventuelt	033	
PS 39/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte ved Deloitte	217	
PS 40/22	Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024	216	
	<b>Referat saker</b>		
RS 21/22	Nytt fra FKT	033	
RS 22/22	Årsmelding 2021-2022 Mobbeombodet i Vestland	033	
RS 23/22	Melding om vedtak HST- sak 085/22 Søknad om fritak frå verv i Kvam kontrollutval	014	
RS 24/22	Vedtak HST 27.09.2022 - Val til kontrollutvalet	014	
RS 25/22	Vedtak i HST 27.09.22 - tertialrapport - 2. tertial	216	
RS 26/22	Varslingsdagen 2022 - Invitasjon til kontrollutvalget	033	
RS 27/22	Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 2023	033	

## **GK 9/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

## **GK 10/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.09.2022**

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 05.09.2022 vart samrøystes vedteke.

## **PS 32/22 Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 14 for 2021 frå Deloitte AS**

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Rådmann, Anita Hesthamar, og leiar rekneskap og analyse, Kristi Neteland, orienterte om status for oppfølging av revisjonsrapport nr. 14 for 2021 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Rekneskapsrevisor Silje Fossdal supplerte også med informasjon.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## **PS 33/22 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet meiner det er lite tilfredsstillande at rådmannen ikkje svarer innan fastsette fristar.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll til første møte i utvalet i 2023.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 30.01.2023.
4. Kontrollutvalet ber om at heradsstyret vert orientert om statusen i denne oppfølginga ved å sende kopi av saka til møte 08.12.2022.

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Rådmannen bad om å få ordet i saka. Kontrollutvalet gav henne ordet og ho orienterte kort om grunnen til at fristen ikkje vart halde.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet meiner det er lite tilfredsstillande at rådmannen ikkje svarer innan fastsette fristar.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll til første møte i utvalet i 2023.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 30.01.2023.
4. Kontrollutvalet ber om at heradsstyret vert orientert om statusen i denne oppfølginga ved å sende kopi av saka til møte 08.12.2022.

## **PS 34/22 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, presenterte resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen for 2022 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

## PS 35/22 Kurs i regi av Deloitte 2023

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... i samband med møte i kontrollutvalet .....
2. Kontrollutvalet tilbyr at administrasjon kan nytte ein 2-timar kurskvote til eit kurs dei måtte ha behov for.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avviking av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

### Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte gjennomfører kurs i "Prosjektstyring/-oppfølging – Fallgruver" i neste møte i kontrollutvalet. Deltakarar frå administrasjon og politikarar vert også invitert til å delta på kurset.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innani "Prosjektstyring/-oppfølging – Fallgruver" i samband med første møte i kontrollutvalet i 2023.
2. Kontrollutvalet tilbyr at administrasjon kan nytte ein 2-timar kurskvote til eit kurs dei måtte ha behov for.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avviking av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

## PS 36/22 Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar - Status i arbeidet ved Deloitte

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Forvaltningsrevisorane i Deloitte, Annbjørg Ryssdal og Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon personalpolitikk og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det har vore ein omfattande dialog med administrasjonen i samband med spørjeundersøkinga som er gjennomført i denne forvaltningsrevisjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 37/22 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

I dette møtet vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 27.09. og 08.11.2022
- Formannskapet 21.09. og 02.11.2022
- Miljø, plan og bygningsutval 20.09. og 01.11.2022

Kontrollutvalet vart samde om at Frank Jacobsen overtar ansvaret, saman med Håvard Gjerde, for å gjennomgå møteprotokollar frå formannskapet etter Svanhild Botnen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Frank Jacobsen overtar ansvaret, saman med Håvard Gjerde, for å gjennomgå møteprotokollar frå formannskapet etter Svanhild Botnen.
2. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

## **PS 38/22 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet vart samde om at første møte i 2023 vert lagt til 20.02.2023.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

## **Vedtak**

Første møte i kontrollutvalet i 2023 vert lagt til 20.02.2023.

## **PS 39/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad, som resultat av endra risikobilete.
2. Notat og oppdatert plan vert å sende sekretariatet innan 31.01.2023 for vidare handsaming og godkjenning i første møte i kontrollutvalet i 2023.

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal, leia prosessmøte der kontrollutvalet diskuterte om det har skjedd endringar i risikobiletet i Kvam herad sidan planen vart laga i 2020, som gjer at planen må endrast.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad, som resultat av endra risikobilete.
2. Notat og oppdatert plan vert å sende sekretariatet innan 31.01.2023 for vidare handsaming og godkjenning i første møte i kontrollutvalet i 2023.

## **PS 40/22 Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024**

### **Forslag til vedtak**

- Alt. 1. Kontrollutvalet vedtek slik endring i plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.....
- Alt 2. Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet diskuterte om det kan vera endringar i risikobiletet som gjer at rekkefølga i gjeldande plan bør endrast.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om velge alternativ 2 i forslag til vedtak.

Etter vart vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

## **RS 21/22 Nytt fra FKT**

**Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 22/22 Årsmelding 2021-2022 Mobbeombodet i Vestland**

**Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 23/22 Melding om vedtak HST- sak 085/22 Søknad om fritak frå verv i Kvam kontrollutval**

**Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 24/22 Vedtak HST 27.09.2022 - Val til kontrollutvalet**

**Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.



## **RS 25/22 Vedtak i HST 27.09.22 - tertialrapport - 2. tertial**

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 26/22 Varslingsdagen 2022 - Invitasjon til kontrollutvalget**

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet vart samde om at dei faste medlemmene i kontrollutvalet som ønskjer det kan melde seg på varslingsdagen 24.11.2022.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

#### **Vedtak**

Dei faste medlemmene i kontrollutvalet som ønskjer det kan melde seg på varslingsdagen 24.11.2022.

## **RS 27/22 Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 2023**

### **Saksprotokoll 14.11.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet vart samde om at dei faste medlemmene i kontrollutvalet som ønskjer det kan melde seg på NKRF's kontrollutvalgskonferanse 01.02. - 02.02.2022.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

#### **Vedtak**

Dei faste medlemmene i kontrollutvalet som ønskjer det kan melde seg på NKRF's kontrollutvalgskonferanse 01.02. - 02.02.2022.